



## Notat

Dato: 16.05.2018  
Arkivsak: 2017/16713-3  
Saksbehandlar: oydziem

---

Til: Yrkesopplæringsnemnda  
Utval for opplæring og helse

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Internasjonale klassar søkbare i Vigo

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll fra møte i fylkesutvalet 071217, PS-sak 293/17 «Justering av tilbodsstruktur» der fylkesrådmannen vart beden om å syte for at:

«Dei internasjonale klassane skal gjerast søkbare i Vigo komande skuleår, men der det vert gjort naudsynte justeringar for å sikre at tilboden er i tråd med opplæringslova. Fylkesrådmannen vert beden om å rapportere attende til politisk nivå om dette arbeidet tidleg 2018.

Fylkesrådmannen legg til grunn ut frå saksframlegget og debatten i utvalet at ein med dei internasjonale klassane i denne samanhengen meiner tilbod til minoritetsspråklege elevar.

Innføringstilboda, Vg1 studiespesialiserande tilbod særleg tilrettelagt for minoritetsspråklege ved Bergen katedralskole og Vg1 Helse og oppvekst fag ved Åsane videregående skole og Fyllingsdalen videregående skole vart lagt ut som søkbare tilbod våren 2018, slik dei også var våren 2017.

Totalt har det meldt seg 176 søkerar til dei 13 innføringsklassane ved 9 skular. Til Vg1 studieførebuande utdanningsprogram ved Bergen katedralskole er det 40 søkerar. Til Vg1 Helse og oppvekst fag ved Åsane og Fyllingsdalen vgs er det 37 søkerar.

For å få tilboda i tråd med krava i opplæringslova vil elevar som får tilbod om Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram tilrettelagt for minoritetsspråklege ved Bergen katedralskole ved overgang til Vg2 få tilbod om å gå inn i ein av dei ordinære klassane ved skulen.

Tilrettelegginga i Vg2 og Vg3 vil bestå i at elevar frå språklege minoritetar kan nytte inntil 280 timer til styrking av den ordinære opplæringa i norsk og engelsk. Desse timane kjem i staden for 280 timer som i den ordinære fag- og timefordelinga skal nyttast til val av programfag i de studieførebuande utdanningsprogramma. Timetalet til styrka opplæring i norsk og engelsk kan fordelast over tre år.